

# Forskrift om gravplassvedtekter

Bjørnafjorden kommune, Vestland.

Vedteke av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd [DATO] med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 8, § 14 og § 21 og forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 5, § 15a fjerde avsnitt og § 23.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark [DATO] jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21.

## § 1 Forvaltning

Gravplassane i Bjørnafjorden kommune er underlagt Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd sitt administrasjons- og ansvarsområde.

## § 2 Definisjonar

- Festar: Den som står som part i ein festeavtale.
- Fri grav: Grav som gravplassforvaltninga har tildelt ein avliden person frå kommunen, som det ikkje vert betalt festeavgift for i fredingstida.
- Festa grav: Grav der det er inngått avtale om bruk mot betaling av avgift.
- Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.
- Festeavtale: Avtale om rett til å råde over ei grav
- Ordinær urnegrav: Grav til askeurne med plass til fire (4) urner.
- Urneggrav i minnelund: Grav til askeurne i minnelund med plass til éi (1) urne.
- Kistegrav: Grav som følgjer gravferdsforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det òg normalt setjast ned urner.
- Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan brukast om att til ny gravlegging.
- Festetid: Tidsperiode det er avtala å feste ei grav.
- Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for fri grav.
- Namna minnelund: Gravfelt med urnegraver, felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.
- Gravstad: Fleire graver som er festa i lag med same festenummer.

## § 3 Ferdsel på gravplassane

Besøkande skal så langt som mogleg ferdast gåande, jf. gravferdsforskrifta § 9. Gravplassforvaltninga kan etter søknad gje løyve til bruk av køyretøy ved dokumentert sjukdom eller rørslehemming. All køyring må skje særleg omsynsfullt.

## § 4 Rett til fri grav

Personar busette i Bjørnafjorden kommune har rett til fri grav og kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønske.

Retten til fri grav føreset at det er gravplassmyndigheita som har tilvist ny grav. Perioden med fri grav kan forlengast jf. gravplassforskrifta § 16. Ved gjenbruk av festa grav har ein ikkje rett til ny periode for fri grav.

Avlidne som på grunn av sjukdom eller pleiebehov har budd i ein annan kommune i inntil 12 månadar før dødsfallet, har likevel rett til fri grav så lenge denne er tilvist av gravplassforvaltninga i Bjørnafjorden.

Gravplassforvaltninga i Bjørnafjorden kan etter søknad tilvise grav til personar utan bustad i kommunen mot betaling av avgift som ved fest og dekning av kostnaden ved gravlegging.

Tildeling av nye graver på Os kyrkjegard gjerast berre som urnegraver.

Rett til gravlegging på Holdhus kyrkjegard gjeld berre dei med privat avtale om bruk av denne. Tildeling av nye graver på Holdhus kyrkjegard kan òg berre skje som urnegraver.

## **§ 5 Fredingstid.**

Fredingstid for kistegraver og urnegraver er 20 år.

## **§ 6 Feste av grav**

Når gravplassforvaltninga tildeler ny kistegrav (fri grav), er det høve til å feste éi (1) grav ved sida av etter søknad til gravplassforvaltninga. Den reserverte grava er ikkje ei fri grav, og har 20 år festetid. Desse gravene utgjer éin (1) gravstad. Ved tildeling av ordinær urngrav, kan det ikkje festast ei grav ved sida av.

Når fredingstida/festetida er ute, kan grava/gravstaden festast vidare for 5 år i gongen. Når festet utløper, varslast festar med nytt festetilbod i form av tilsendt faktura. Ny festeavtale inngåast ved betaling av faktura. Dersom festet ikkje er fornøya innan seks månadar etter forfall, fell grava eller gravstaden attende til gravplassen

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast vidare utan spesielt samtykkje frå gravplassforvaltninga.

Innbetalt festeavgift vert betalt attende berre om attendebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan hentast inn, kan gravplassforvaltninga avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde frå om adresseendring.

## **§ 7 Grav og gravminne**

Ved opning av grav, kan jordmassar mellombels plasserast på omkringliggjande graver og gravminne flyttast. Gravplassforvaltninga har ansvar for opprydding og vil sjå til at grava vert planert og tilsådd med gras etter gravlegging.  
Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassforvaltninga har godkjent gravminnet og merka staden der det skal plasserast. Det kan kun setjast opp eitt (1) gravminne på kvar gravstad.

På kistegrav kan gravminne monterast tidlegast 6 månader etter gravlegging av kiste.  
Gravminne på urnegrav kan setjast opp med det same etter urnenedsetjinga.

På ny, festa gravstad, plasserast gravminnet i bakkant av den grava som er teken i bruk.

Gravminne, steinfliser, fastmonerte dekorgjenstandar, fundament eller sokkel reknast som del av gravminnet, og skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

Bilde av gravlagt montert på gravminne må ikkje vere større enn 9 x 12 cm.

## **§ 8 Særlege føresegner om gravminne**

### **Urnegrav på mur (Kuventræ gravplass)**

På Kuventræ gravplass er det lagt til rette for urnegraver med plass til 4 urner ved nokre av murane på gravplassen. I staden for tradisjonelt gravminne, vert grava merka med eit skilt med namn og fødsels- og dødsdataar og minneord. Det er ikkje høve til å opparbeide eigne plantefelt for desse gravene. Det kan leggjast ned blomar og gravlys kan tennast, så lenge det er innanfor gjeldande reglar om brannvern, og på stad tilvist av gravplassforvaltninga.

### **Ferdigmonterte gravminne**

På Kuventræ gravplass er det på felt Y ferdigmonterte gravminne som gravplassforvaltninga eig. Det er det høve til å leige gravminne. Namn på avlidne vert gravert på eit skilt, tinga av gravplassforvaltninga. Til kvart gravminne er det plass til fire urner. Når fredingstida er ute, kan grava festast vidare. Leige på gravminnet betalast for 20 år først gong grava vert teken i bruk. Deretter vert det fakturert leige på gravminne vidare kvart 5 år saman med festeavgifta.

## **§ 9 Plantefelt**

Framfor gravminnet kan det opparbeidast eit plantefelt i høgd med bakken ikring.

Plantefeltet kan ikkje vere breiare enn gravminnet, men likevel opp til 60 cm. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Lause dekorgjenstandar og planter må ikkje overstige gravminnet eller gå utover bedet.

Dekorgjenstandar må ikkje virke støytande overfor andre besøkande eller vere til hinder eller fare for drifta av gravplassen.

Plantefeltet kan rammast inn med 3 rette steinfliser som fluktar med bakken ikring. Det kan ikkje monterast dekor, lyktar, vasar eller liknande på steinflisene. Steinflisene må tåle belasting av gravplassen sine vanlege maskinar.

Dersom ein ikkje vil etablere plantefelt skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet. Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller daude materiale.

Det er høve til å tenne lys (stearinlys, oljelampe o.l.) når dette er innanfor dei gjeldande føreseggnene om brannvern. Lykter og lys må vere høveleg festa, til dømes med jordspyd. Frittståande plastlys med eller utan metallhette må plasserast i lykter som gjer at fuglar eller dyr ikkje kan få tak i dei.

## **§ 10 Plantemateriale**

Plantar, kransar og liknande som blir brukte ved gravferd eller pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt nedbrytbare.

## **§ 11 Stell av grav**

Alle som er ansvarlege for ei fri grav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle grava. Plantefelt som det ikkje vert planta på eller stelt skal såast til av den ansvarlege for grava, eller vedkomande kan gjere avtale med gravplassforvaltninga om at det vert sådd til.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan inngå avtale om at gravplassforvaltninga, eller den som får løyve til det etter § 15, kan utføre planting og stell av grav. Ei slik avtale fritek ikkje den ansvarlege eller festar for ansvar vedkomande har etter den til ei kvar til gjeldande reglar.

Etablerte førehandsbetalte avtalar om stell vidareførast på dei vilkår som var gjeldande ved oppretting av avtala.

## **§ 12.Områder stengt for kistegravlegging**

Følgjande gravplassar er stengte for kistegravlegginger etter gravplassforskrifta § 5, andre avsnitt:

- Nordtveit kyrkjegard.

Følgande gravfelt er stengt for kistegravlegginger etter gravplassforskrifta § 5, andre avsnitt:

- Gravfelt B\* og C på Hålandsdal kyrkjegard. \* 6 graver er unntak, se vedlegg 1.
- Os gravplass, felt E, F og H.

Sjå vedlegg 1 for enkeltgraver på dei ulike gravplasser som er stengt for kistegravlegginger etter gravplassforskrifta § 5.

## **§ 13 Namna minnelund**

Ved gravlegging i namna minnelund vert namn og data til avlidne ført på ei namneplate på felles minnesmerke fastsett av gravplassforvaltninga.

Graver i namna minnelund kan festast på lik linje med andre graver på gravplassen. I namna minnelund kan det ved urnenedsetting reserverast ein plass på minnesmerket ved sida av den første avlidne (feste av grav). I dette høvet vert det betalt festeavgift frå det tidspunktet den første grava vert teken i bruk.

Gravplassforvaltninga har ansvar for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggjast ned blomar og gravlys kan tennast, så lenge det er innanfor gjeldande reglar om brannvern, og på stad tilvist av gravplassforvaltninga.

Tinging av namneplate til minnelund skjer gjennom gravplassforvaltninga. Det er gravplassforvaltninga som monterer og plasserer namneplate som skal på minnelund.

## **§ 14 Bårerom**

Gravplassforvaltninga disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne som har gått bort i Bjørnafjorden kommune og/eller skal gravleggjast på gravplass i kommunen, i tida fram til gravferda.

Ingen har tilgjenge til bårerom utan løyve. Syning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

## **§ 15 Næringsverksemد**

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemد på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassforvaltninga. Løyvet kan inndragast om vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som til ei kvar tid gjeld.

Slik verksemد kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

## **§ 16 Arbeid på gravplassane**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i tida 07.00-18.00.

Arbeid skal ikkje utførast på sundagar, heilagdagar, og offentlege høgtidsdagar. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller bygning på gravplass. Næringsdrivande kan køyre på gravplassen berre i den grad det er naudsynt for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje særleg omsynsfullt.

## **§ 17 Brot på vedtekten**

Dersom vedtektena ikkje vert følgde, kan gravplassforvaltninga sette i verk naudsynte tiltak. Gravansvarleg eller festar skal om mogleg varslast fyrst.

### **§ 18 Dispensasjon frå vedtekten**

I særlege tilfelle og innanfor ramma av gravferdslova og gjeldande forskrifter kan gravplassforvaltninga dispensere frå § 4, 6, 7, 14 og 16.

### **§ 19 Ikraftsetting av gjeldande og oppheving av eldre vedtekter.**

Forskrifta tek til å gjelde frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektena som vart vedteke i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd 05.06.2019, i sak 023/2019 for gravplassane i Bjørnafjorden kommune, Vestland, oppheva.